



Gjermund Dale
Bjørnstadvegen 169
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/221 - 18/4319

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
06.03.2018

Godkjenning av søknad om omdisponering dyrka mark til juletreproduksjon

Administrativt vedtak. Saknr: 47/2018

Saksutgreiing:

Gjermund Dale søker i brev dagsett 29.01.2018 om løyve til omdisponering av dyrka mark til produksjon av juletre på Gbnr. 21/2.

Gjermund Dale driv med juletreproduksjon på gbnr. 21/ 1 og 2 på Dale. Det har vore produksjon av juletre på garden sidan 1980, og søker tok over produksjonen etter sin far i 2001. Det er ein årleg produksjon på om lag 400-500 juletre. Produksjon føregår i dag på to steder på eigedommen, men hovudvekta av produksjonen ligg ved Dalesvingane. Søklar opplyser at delar av arealet ved Dalesvingane er bratt, ulendt og gjer produksjon av juletre tungvindt. Han søker derfor om å få flytte produksjonen frå ca. 2 daa frå Dalesvingane, ned til eit flatare areal ved Bjørnstadvegen på gbnr. 21/2. Arealet han ynskjer å nytta er i AR5 gardskartet i kategorien overflatedyrka jord. Søklar har løyve til planting av utanlandske treslag frå Fylkesmannen i Hordaland. Søklar har vore i kontakt med Fylkesmannen i Hordaland og fått endring i løyve slik at dette gjeld for omsøkt areal.

Gjermund Dale søker om omdisponering for ein tidsavgrensa periode på 15 år. Han opplyser vidare at produksjon av juletre ikkje vil gjera det vanskelegare å tilbakeføre arealet. Søklar vil nytta arealet som skal takast ut av produksjon til beite, og det kan nyttast saman med tilgrensande areal.

Eigedommen består av 28,3 daa fulldyrka jord, 21,3 daa overflatedyrka jord, 18,9 daa innmarksbeite, 310,2 daa skog og 35 daa anna areal.

Søknad om omdisponering krev løyve etter jordlova § 9 då arealet fell inn under dyrka jord.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vurdering:

Søknaden er vurdert etter jordlova § 9 om omdisponering og rundskriv M1/2013 Omdisponering og deling – jordlova, frå landbruks- og matdepartementet.

Jordlova § 9 seier; Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruks interessene bør vika.

Formålet med forbodet mot omdisponering er å verna dei produktive areala og jordsmonnet. Det grunnleggjande formålet med jordlova § 9 er jordvern. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er naudsynte av omsyn til dei føremåla lova skal fremja, jf. jordlova § 9.

Godkjente planar etter plan- og bygningslova

Arealet ligg i LNF-område der berre tiltak knytt til landbruksnæring er tillate. Juletreproduksjon fell inn under landbruksproduksjon.

Drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området

Omsøkt areal ligg på overflatedyrka jord som kan nyttast til slåttemark, og grensar mot eit innmarksbeite. Ein omdisponering vil gjere at 2 daa slåttemark ikkje kan nyttast til jordbruksproduksjon, men plasseringa av teigen vil ikkje føre dårlegare arrondering. Det vil vere mogleg å nytta restarealet både til slått og beite og omdisponering vil ikkje føra til dårlegare tilkomst til tilgrensande innmarksbeite. Omdisponering vil ikkje føre til miljømessige ulemper for landbruket. Ein omdisponering til juletreproduksjon vil lite truleg gje konsekvensar for slått eller spreing av husdyrgjødsel. Bruket har meir enn 68 daa innmark, og det vil vere ein liten del av innmarka som vert omdisponert for ein tidsavgrensa periode. Søkjar vil også gjera arealet som skal ut av drift om til beite, og såleis vil det ikkje verte noko forandring i gardens totale innmarksareal.

Kulturlandskapet

Med kulturlandskapet meinast både landskapet, mangfaldet i naturen og kulturhistoriske verdiar. Arealet ligg i eit større samanhengande kulturlandskap. Ei omdisponering vil forandra kulturlandskapet, sjølv om det er eit avgrensa areal. Det vert produsert juletre på fleire areal oppover dalen, og dette kjem i tillegg. Arealet ligg nært skogareal, og dette demper inntrykket av juletrefeltet i landskapet. Administrasjonen meiner at kulturlandskapet vil bli endra av ei omdisponering frå slåtteareal til juletreproduksjon. Men administrasjonen legg vekt på at det vert søkt om ei tidsavgrensa omdisponering. Administrasjonen meiner at det vil vere viktig ved eit løyve at det vert stilt vilkår om tilbakeføring av arealet til same arealkategori som før omdisponering for å sikra kulturlandskapet.

Samfunnsgagnet

Det vil vere til nytte for søker å få eit meir lettdrivi areal som aukar effektiviteten i produksjonen. Ein meir effektiv drift vil vere positivt og kunne gjere drifta meir økonomisk lønnsam. Administrasjonen meiner at ei styrking av drifta vil vere eit viktig bidrag til verdiskapinga på bruket. Sjølv om jordbruksareal er ein viktig

samfunnsinteresse, meiner administrasjonen at det er til nytte for samfunnet med ein meir effektiv drift og produksjon av juletre.

Om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon

Det er søkt om ei tidsavgrensa omdisponering av arealet på 15 år. Juletreproduksjon inneber at tre vert hauste i ung alder, før dei har fått store rot system. Dette fører til at arealet kan førast attende til jordbruksareal. Det er administrasjonen si vurdering at ei omdisponering av arealet ikkje fører til at arealet ikkje kan førast attende til overflatedyrka jord. Vidare meiner administrasjonen at det må sikrast tilbakeføring ved å stilla vilkår til eit løyve.

Samla vurdering

Omdisponering av arealet vil føre til at 2 daa overflatedyrka jord som kan nyttast til slåttemark går ut av jordbruksproduksjon. Det vil framleis vere mogleg å drive restarealet, og omdisponering vil ikkje føra til dårlegare driftsforhold. Vidare er omdisponeringa tidsavgrensa, og areal som blir tatt ut av produksjon skal gjerast om til beite. Det vert ikkje forandring i storleiken på arealet innmark som garden disponerer. Omdisponeringa vil endre inntrykket i kulturlandskapet, men det er på eit avgrensa areal og det vert i dag produsert juletre i nærleiken. Administrasjonen meiner at det vil vere til nytte for samfunnet med ei meir effektiv drift som styrker det økonomiske grunnlaget for produksjonen. Omdisponering vil gjere at arealet kan førast attende som dyrka mark når drifta opphører.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gje løyve til omdisponering av arealet etter jordlova §9 til juletreproduksjon for ein periode på 15 år. Det må stillast vilkår om at arealet skal førast tilbake til overflatedyrka jord når drifta er ferdig, eller opphører. Det vert også stilt som vilkår at arealet som skal takast ut av drift som følgje av dette, skal førast tilbake som beite som opplyst i søknaden.

Administrasjonen har vurdert søknaden i medhald av Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Det er etter gjennomgang av artskart, naturbase ikkje funne spesielle miljøverdiar eller artar på området eller i nærleiken. Kommunen har ikkje kjennskap til andre naturverdiar på Dale.

Administrasjonen meiner det ligg føre nok informasjon om naturverdiar på Dale, og at føre-var prinsippet ikkje gjer seg gjeldane, jf. § 9. Tiltaket vil endre bruken av arealet i mindre grad, men administrasjonen legg vekt på at bruken av arealet framleis vil vere landbruksproduksjon, jf. § 10. Tiltakshavar må bere kostnadane om tiltaket fører til skade på stadeige naturmangfald, jf. § 11. Naturmangfaldlova § 12 gjer seg ikkje gjeldane i saka, då sprøyting og gjødsling er styrt gjennom anna regelverk.

Administrasjonen meiner etter ein samla vurdering, at tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i NML §§ 8-12.

Konklusjon

Etter ein samla vurdering vil administrasjonen gje løyve til omdisponering av 2 dekar overflatedyrka jord til juletreproduksjon for ein tidavgrensa periode på 15 år. Administrasjonen legg vekt på at tiltaket er lite, og er avgrensa i tid. Produksjon av juletre er arbeidskrevjande, då dei treng mykje skjøtsel og tilsyn for å oppnå god kvalitet. Eksisterande areal til produksjon som søker ynskjer å ta ut er ulendt og bratt. Dette gjer ein del skjøtsel som slått av vegetasjon meir tungdrivi og det vanskeleg å slå gras og annan konkurrerande vegetasjon med slåmaskin. Vidare gjer lokaliteten hogst og transport av juletre vanskeleg. Trea må bli bore/dratt ut da det ikkje er mogleg å komma til med maskin. Dette kan svekke kvaliteten på trea. Det

omsøkte arealet som s kjar ynskjer   nytta er flatare og s leis lettare   drive maskinelt. Dette gjer skj tsel av trea lettare. Vidare ligg arealet n rt veg, som gjer transport til og fr  omr de lettare.

Vidare er det lagt vekt p    s kjar vil gjere det arealet som vert tatt ut av drift om til innmarksbeite. Det m  stillast villk r om at arealet som vert omdisponert vert f rt attende til overflatedyrka jord dersom arealet ikkje lenger skal nyttast til juletreproduksjon. Arealet m  oppfylle dei krav som er stilt til overflatedyrka jord etter AR5 gardskartet.

Vedtak

«Meland kommune gjev Gjermund Dale l yve til omdisponering av 2 daa overflatedyrka jord p  Gbnr. 21/2 p  Dale i Meland kommune. Arealet skal nyttast til produksjon av juletre.

L yvet er gjeve p  slike vilk r:

- L yvet gjeld oms kt areal p  2 daa avmerka p  kart.
- L yvet er avgrensa i tid, og er gyldig til 01.04.2033
- Arealet skal f rast attende til overflatedyrka jord n r arealet ikkje lenger nyttast til juletreproduksjon, og arealet skal oppfylle krava stilt til overflatedyrka jord i AR5 gardskartet.
- Meland kommune skal ha skriftleg beskjed dersom arealet ikkje lenger skal nyttast til juletreproduksjon og skal f rast tilbake til overflatedyrka jord.
- Meland kommune skal godkjenne det omdisponerte arealet n r det er tilbakef rt til overflatedyrka jord.
- Arealet som blir tatt ut av drift som f lgje av omdisponeringa, avmerka p  kart, skal gjerast om til innmarksbeite og tilfredsstillende krav stilt til innmarksbeite i AR5 gardskartet.
- Arealet som blir tatt ut av produksjon som f lgje av omdisponeringa skal rettast i AR5 gardskartet n r det er ferdigstilt til innmarksbeite.

Vedtaket har heimel i lov om jord   9, jf.   1.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova   23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast p  til kommunen, jf. fvl.    28-36. Klagefristen er 3 veker fr  melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen g r ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det g  fram kva det vert klaga p  i vedtaket, og kva endringar ein  nskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og milj konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20180228141923

Mottakere:

Gjermund Dale

Bjørnestadvegen 5918
169

FREKHAUG